

## Referat 4

### **Møte 4. Referat frå møtet i *Nemnda for kommunenamn og heraldikk***

Møtestad: Volda rådhus

Tid: Måndag 11.05.17, kl 1900 – ca kl 21.00

Innkalling: Sonja Håvik, Volda kommune

#### **Til stades:**

Odd. A. Folkestad

Kari A. Hasle

Siv Madeleine Kristensen

Rolf Taraldset

Jon Tvinnereim

#### **Orientering:**

Samtale om innhaldet i utsendt brev frå leiaren til dei andre nemndmedlemmene som initiativ til avklaring på møtet 11-5-17. Innhald: spørsmål i samband med oppdraget til nemnda.

#### **Saker på møtet:**

- 1. Forslag til namn på den nye kommunen.** Alle dei innkomne forslaga var før møtet sende til medlemmane i nemnda. Sonja Håvik hadde laga samla oppstilling av både forslaga og dei som hadde sett dei fram. Etter at kvar av medlemmane hadde lagt fram sine standpunkt, og under ei drøfting om kva nemnda burde gå inn for, var det semje om å fremje eitt - og berre eitt - namn.  
Forslaget frå nemnda, som vart avgjort på møtet, blir lansert på neste møtet i nemnda. Det skjer i Smia, Hornindal, 18. 5. klokka 19.00. Dei to ordførarane og avisene i nærområdet blir inviterte til å vere til stades. Ordførarne Stig Olav Lødemel og Jørgen Amdam har lova å delta på lanseringa.  
Samla liste over innkomne namneforslag skal sendast til dei avisene som har fått annonse vedkomande innsending av namneforslag. (Møre, MøreNytt, Fjordingen, Fjordabladet og Sunnmørsposten).
- 2. Premiering ved loddtrekking.** I samsvar med tidlegare vedtak i nemnda vert tre av dei som sende inn forslag til kommunenamn, premierte. Loddtrekking for å kåre vinnarane skjedde på møtet, og resultatet blir gjort kjent under lanseringa av kommunenamnet i Smia på Grodås, 18.5.-17.  
Dei tre gevinstante er - som det står i annonsen:  
*Busetnadssoga for Volda*  
*Nordfjordboka*  
*Eit nettbrett*
- 3. Kommunevåpenet til den nye kommunen.** Annonsetekst for den opne konkurransen om nytt kommunevåpen vart drøfta på grunnlag av utkast som leiaren hadde sendt ut til dei andre medlemmane Dette utkastet blir revidert og utvida av leiaren i samsvar

med synspunkt som kom fram under drøftinga. Nytt utkast blir lagt fram til ny vurdering i nemnda på møtet 18.5. Då blir det også bestemt når annonsene skal kome ut i avisene. Frå før er det avgjort av nemnda at det skal annonserast i avisene i nærområdet tre gonger, slik det også vart gjort når det galdt annonseringa i samband med forslag om kommunenamn..

4. Neste møtet i nemnda blir 18. mai kl. 19.00 i Smia, Hornindal. Då blir hovudsakene lansering av nemnda sitt forslag til kommunenamn, og utforming av annonsen som gjeld konkurransen om nytt kommunevåpen.

Referent: Jon Tvinnereim